

Min bakgrunn for å koma med høyringsuttale er :

- Skogbrukssjef/landbrukssjef i Tokke i 34 år
- Leiar i Lårdal Vel (LV) i 10-15 år
- fødd og vaksen opp i Lårdal og bur på ein gar rett opp for brygga i Lårdal.

Mitt hovudinnspeil i denne saka er at Laugevassdammen er eit av dei viktigaste vertøy ein har i Lårdalvassdraget for å hindre at ein får ein ny storflaum lik den vi hadde i 1968.

Lårdalsåi får si vassmengde frå Støylsdalsåi med Eirefjellplatået som nedbørsområde. Dette er eit stort område og ved flaum så kjem dette vatnet fort i Lårdalsåi.

Det andre vassdraget er Laugevatn-Åmlivatn-Nossevatn og vassdraget inn til Langesæ Lårdal.

Her kjem vatnet seinare fordi ein har så mange vatn og fordi her er gamle og nye dammar.

I 1968 var det stor skadeflom i Lårdal. Alle bruene over elva bortsett frå Hommebrua vart skada eller øydelagt og elva tok nytt løp nede ved Lårdal kyrkje , følgde fylkesvegen omlag 100 m og tok nesten med seg kyrkjegarden og kyrkja.

Far min som i 50 åra jobba på sagbruket nede ved Bandak og som styrte med den nederste kraftstasjonen, sa etter den flaumen at **hadde det ikkje vore for at Laugevassdammen fyrst rann over etter flaumtoppen i Støylsdalsåi, så hadde det gått mykje verre.**

Sidan vi no ikkje har kraftutbygging i elva må denne dammen renoverast for å sikre at flaumtoppar i desse to vassraga ikkje kjem samstundes.

Den andre grunnen er at Lårdølane mista badevatnet sitt om sommarane etter Tokkeutbygginga. Det er bare i varme sommarar og når Tokke 1 ikkje blir køyrd at det er greitt badevatn i Bandak. Normalt 16-18 grader sjølv på varme dagar. Får ein vestavind er det 16 grader i løpet av kort tid.

Det har gjort at LV saman med grunneigar har laga til badeplass i Laugevatn. Her reiser Lårdølane å badar når Bandak er iskaldt. Her er badeflate ,benkar og toalett.

Så må eg bare gjeva uttrykk for kva eg meiner om det VTK skriv om nytte/kostnader i denne saka.

VTK og nokon grunneigarar har seg sjølv å takke for at utbygginga ikkje kom. Eg var leiar i LV og kontakta VTK då eg såg at kunnskapen om utbygginga var sviktande. Dei trudde at det var bare falleigarande og VTK som hadde noko dei skulle ha sagt i høve til utbygging. Det kom i stand eit grendemøte der dei som var mot fekk kjeft og der dette flotte prosjektet ikkje vart omtala i særleg grad.

Eg meiner at i den tid vi no lever i med elektrifisering, så vil ei utbygging her koma i nærmaste framtid når nye generasjonar kjem til. Dette prosjektet har i lang tid vore eit av dei mest lønsame i VT. Då var straumprisen 30 øre . No er den 70 øre eller meir.

Det som heller ikkje kjem fram er at ein i dag har dam i Nossevatn. Den siste vart renovert av Bandaksmolt for nokon 10-år sidan.

Dersom ein bygger dammar i dette vassdraget og regulerar vatna med 0,5 m- 1,0 m og bygger kraftstasjon nede ved Bandak så vil flaumfaren i Lårdalsåi bli sterkt redusert og det vi bli svært lønsamt for VTK, kommune, falleigarar og bra for bygda.

I sommar var det tørt lenge og ingen vatn i elva. Slik at tørrlagt elv er ikkje uvanleg. Då er ikkje ei opprusting av laugevassdammen dårleg nytte/ kostnad for VTK ,men ein må lyfte blikket og tenke stratesgisk og ikkje surmule grunna dårleg håndtering av ei god sak.

Sverre Bakke